



**Harald Sætre kom over eit postkort frå Uskedalen i ein antikvitetsbutikk i Bergen for nokre år sidan. Det var eit luftfoto teke av E. Harstad Kunstforlag i Oslo, truleg tidleg på 1950-talet. Sætre tykkjer ikkje minst at det var artig å sjå kaimiljøet på Sanden på den tida.**

Den 'nye' Sandavegen var ikkje komen og ein kan tydeleg sjå kor gamlevegen gjekk. Like ved dampskipskaiaen var det sandopptak via ei rampe.

Sætre kan såvidt hugse at det var drift der. Ei oval, nærmast rund skrape vart slept ned rampa og så dregen opp att med ei blanding av sand og sjø. Det var eit forferdeleg bråk for ein liten gutunge.

Sætre trur at nokon i bygda kan fortelja meir om denne drifta, kor lenge ho pågjekk og kven som stod bak ho.

Vi imøteser meir stoff om dette!

Av Ola Matti Mathisen